

Sykylven Transformatorstasjon, Heiane. Bedriftsbesøk.

30.09.2014

24.september 2014: Sykylven Transformatorstasjon på Heiane er nyleg teken i bruk.
Sykylven Rotary Klubb fekk komme inn til ei eksklusiv omvising.



Når du klikkar inni dette biletet, vert det større. Foto: Trond Lauritsen. Kledde skaper folk, heiter det seg. Vi tek oss bra ut med hjelm og vest! (Sjå større biletet nederst!)



Dette biletet er teke 30. desember 2012. Mykje har skjedd frå då og fram til dagens biletet (under), teke frå den nye parkeringsplassen som er open for alle.



Eit omfattande system for lynavleiing høyrer med. Vi ser eit par av koparkablane som skal leie eventuelle lyn-nedslag utanom sårbare installasjonar, ned til eit omfattande nett av koparkablar under overflata.



Først byggeleiar og no driftspersonell for stasjonen, Dag Helge Bjørkedal - busett i Ulsteinvik - informerte på beste vis om den nye trafostasjonen. Dag Helge er også driftspersonell for stasjonane i Ørskog og Ørsta.



Frå venstre: Avdelingsleiar EL ved Sykkylven Energi, Halvard Hjorthol. Administrerande direktør Trond Lauritzen, SE. Byggeleiari i Statnett/ Driftspersonell, Dag Helge Bjørkedal. Til saman eit sterkt informasjons-lag for medlemmene i Sykkylven Rotary Klubb! Til høgre: President Jarle Svindseth i SRK. Han formidla stor takk og små pakkar til vertskapet! Til vitande: Fotoforbod i transformator-romma og i kontroll-romma. Her følgjer referat, skrive av Øyvind Østvik.

ROTARYMØTE 24. SEPTEMBER 2014

BEDRIFTSBESØK SYKKYLVEN TRAFOSTASJON PÅ HEIANE

Driftspersonell og utbyggingsleiari for stasjonen, Dag Helge Bjørkedal, ynskte klubben velkommen.

Arbeidet med kraftlinja og stasjonen i Sykkylven starta i 2010 og er no på det nærmeste fullført. Eit omfattande arbeid, berre stasjonen har kosta ca. 250 - 300 mill. kr. Så langt held prosjektet seg innanfor kostnadsramma. Dei største trafoane (420 - 130 kv, 250 tonn) er produserte i Nederland og dei minste (130 - 24 kv) er laga i Kroatia.

Det er tre eigarar av stasjonen: Statnett, Mørenett og Sykkylven Energi.

Innkommende spenning til stasjonen frå Ørskog er på 420 kv. Straumen til Stranda blir transformert ned til 130 kv og til Sykkylven ned til 24 kv. Linja til Stranda blir opna i nærmeste framtid og straumen vidare til Ørsta. (420 kv linja) blir sett på i desember.

Stasjonen er fjernstyrt frå Statnett si avdeling på Sunndalsøra, men kan også styrrast frå andre stader i landet. Her er såleis ikkje permanent bemanning på stasjonen.

Etter synfaring på anlegget orienterte avdelingsleiar EL Halvard Hjorthol og adm.dir. Trond Lauritzen om Sykkylven Energi sitt engasjement i traforstasjonen og kva verknader denne får for lokalsamfunnet i Sykkylven, m.a. ei langt sikrare elforsyning for Sykkylven.

Til slutt var det ei oppsummering med høve til spørsmål. Presidenten takka Statnett og Sykkylven Energi for ei interessant omvising og for at klubben fekk høve til å kome på besøk. Olav P:

Her er det link til saka, slik ho vart presentert i [Sykkylvsbladet 30.september 2014](#). Du finn også stoff om [Ørskog - Sogndal - 420 kV linja her](#).



24/09/2014